

20

0

ÅRSMELDING

[NYNORSK
KULTURSENTRUM]

20

0

INNHALD

3	Nøkkelopplysningar
4	Direktøren har ordet
6	Sterkare alliansar
8	Kulturinstitusjonen og korona
10	Mangfald og relevans
11	Mangfaldsplakaten
12	Publikum og målgrupper
13	Forsking og utvikling
14	Samling og dokumentasjon
16	Kulturformidling på turné
18	Digital formidling
20	Prisar
21	Arenaene våre
22	Aasentunet og Festspela
24	Haugesenteret
26	Vinjesenteret og Litteraturdagane
28	Kommunikasjon
29	Økonomi
30	Organisasjon
31	Strategiske mål fram mot 2025
32	Året som gjekk – biletkavalkade
35	Resultatrekneskap
36	Balanse
38	Notar
40	Revisormelding

FOTO

Fotograf Ma – side 5
Oclin – side 9
Ingvil Skeie Ljones – side 20
Joakim Riise – side 23

Linda Gytri – side 31
Teatret Vårt – side 32
Oclin – side 33
SixSides – side 33

Nynorsk kultursentrum – side 4, 15, 19, 20, 22,
23, 24, 25, 26, 27, 31, 32, 33

NYNORSK KULTURSENTRUM

musea for skriftkultur

Skipa 31. august 1993

Organisasjonsnummer 976 013 263

Direktør Per Magnus Finnanger Sandmark

ARENAER

Aasentunet – Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda

Haugesenteret – Promenaden 7, 5730 Ulvik

Vinjesenteret – Vinjevegen 1441, 3890 Vinje

STYRET 2020

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Lodve Solholm	leiar	Kulturdepartementet	25.2.2014–31.3.2022
Hilde Barstad	nestleiar	Kulturdepartementet	25.2.2016–7.2.2020
Amela Koluder	nestleiar	Kulturdepartementet	1.4.2020–31.3.2024
Hilde Løkensgard Bjørnsvik	medlem	Kulturdepartementet	27.2.2018–31.3.2022
Sæbjørn Forberg	medlem	Kulturdepartementet	25.2.2016–31.3.2020
Bjørn Lødemel	medlem	Kulturdepartementet	7.2.2020–31.3.2020
Janne Nygård	medlem	Rådet	27.2.2018–31.3.2022
Jon Østbø	medlem	Rådet	27.2.2018–31.3.2022
Jørn Øyrehagen Sunde	medlem	Rådet	1.4.2020–15.10.2020
Ellen Skodjevåg Bø	medlem	Rådet	16.10.2020–2.12.2020
Lars Kvestad	medlem	Rådet	3.12.2020–31.3.2024
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018–31.3.2022

Barstad trekte seg då ho blei statssekretær i Justis- og beredskapsdepartementet. Lødemel fungerte som styremedlem. Ingen blei konstituert som nestleiar. Det var ny valperiode frå 1.4.2020 med fleire nyoppnemningar. Sunde trekte seg av omsyn til arbeid og familie 15.10.2020. Bø fungerte som styremedlem. Rådet valde Kvestad som fast medlem 2.12.2020.

Styret har hatt seks møte og behandla 51 saker.

Varamedlemer for**Kulturdepartementet**

1. Bjørn Lødemel (27.2.2018–31.3.2022)

2. Sven-Roald Nystø (27.2.2018–31.3.2022)

Varamedlem for rådet

Ellen C. Kvalsund (25.2.2016–31.3.2020)

Ellen Skodjevåg Bø (1.4.2020–31.3.2024)

Varamedlem for dei tilsette

Oddny N. Aarflot (1.8.2019–31.3.2020)

Stein A. Hevrøy (1.4.2020–31.3.2022)

Rådsordførar

Per Halse – Høgskulen i Volda (2017–2021)

Vara: Hege Lothe – Vestland fylkeskommune (2015–2022)

FØREMÅLSPARAGRAF I VEDTEKTENE

Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.

STIFTARAR OG**PARTNARAR 2020**

- Høgskulen i Volda
- Høgskulen på Vestlandet
- Lands-samanslutninga av nynorsk-kommunar
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- Lutlaget Det Norske Teatret
- Musea på Sunnmøre
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Møreforskning
- Noregs Mållag
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
- Noregs Ungdomslag
- Rogaland fylkeskommune
- Stiftinga Møre folkehøgskule
- Ulvik herad
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune
- Vestmannalaget
- Vinje kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune

GRUNNDOKUMENT

Vedtekter (3.12.2019), strategisk plan (3.12.2019), strategisk personalplan (3.12.2020) og langtidsplanar for kommunikasjon (11.6.2020), samling (1.4.2020), forskning (1.4.2020), sikring (1.4.2020), reisemål (10.6.2019), kafé (6.6.2018), butikk (27.2.2018), digitale tenester (3.10.2017), festival (9.12.2016), utstilling og formidling (30.9.2016) og kulturprogram (10.6.2016).

DIREKTØREN HAR ORDET

SKIFTANDE SAMTID. TRYGGARE FRAMTID.

I 2020 har rammevilkåra til Nynorsk kultursentrum blitt endra 37 gonger. Tilskot, lover og regelverk er endra, supplerte og presiserte. Tolmodige gjester, fleksible kunstnarar og samarbeidspartar, trygge tilsette og eit konstruktivt styre har gjort det mogleg å vere ein nasjonal kulturinstitusjon, også i år.



Per Magnus F. Sandmark

Ørsta, 16. februar 2021

Per Magnus Finnanger Sandmark,
direktør i Nynorsk kultursentrum

«Fotolinsa og auget mitt, dei hjelper kvarandre til å sjå betre, og får meg til å forstå saman-
hengar, ikkje berre detaljar, for detaljane er jo veldig viktige for å sjå ein heilskap, for å kunne
tolke, for å kunne sjå eit menneske», sa forfattaren Knut Ødegård då han opna heimen sin for at
Nynorsk kultursentrum kunne formidle han og diktinga hans i prosjektet «Stader for skrift».

Knut Ødegård har rett. Ein treng både detaljane og heilskapen. 2020 er langt meir enn smitte-
vern. Etter dette året er Nynorsk kultursentrum sterkare til stades der folk er digitalt. Denne digitali-
seringa er like mykje ein konsekvens av strategiar som av smitteutbrot.


Saman med andre har vi kunne presentere rekordstore mengder videoar, podkastar, tekstar og
illustrasjonar av høg kvalitet. Til saman dokumenterer desse samtida, formidlar nynorsk-
forfattarar og gjer nynorsk meir tilgjengeleg for fleire.

Det krevst både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfald og eit tolerant sam-
funn for framtida. Gjennomslaga Nynorsk kultursentrum har fått i språkløva som er lagd fram,
kan bidra til dette. No må styresmaktene syne at prinsippa og orda blir til praksis og framsteg.

Året byrja med at Nynorsk kultursentrum var i NRK Dagsrevyen og uttrykte uro for nynorsken etter
kommunesamanslåingane, og slutta med initiativ til ei kåring av nynorsktalent under 25 år, eit
ordføraropprop om Google-tenester i skulen på nynorsk og eit fleirtal for nynorsk administra-
sjonsspråk i Ålesund og Møre og Romsdal. Vi er til stades i samtida og påverkar framtida for
nynorsk skriftkultur.

Samstundes har leiinga og dei tillitsvalde blitt samde om ny organisering frå 2021. Målet er at vi
saman styrkjer arbeidet med forskning, samling, dokumentasjon og nasjonal formidling – digitalt
og fysisk. Dette styrkjer Nynorsk kultursentrum for framtida.

STADER FOR SKRIFT



Dei sju forfattarane Svein Sæter, Marit Kaldhol, Jan Ove Ulstein, Mette Karlsvik, Brit Bildøen, Hilde Myklebust og Knut Ødegård fortel om heimstad og skiving i prosjektet vårt «Stader for skrift». Prosjektet er støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune og gjennomført i samarbeid med Blåst Film, fotograf Ma Ortiz og samtaleleiar Bjørn Vatne. På nynorsk.no kan ein sjå foto og videoar frå prosjektet, og forfattarsamtalane inngår i podkasten «Nynorsk no».



STERKARE ALLIANSAR

Nynorsk kultursentrum har i 2020 styrkt dei praktiske og formelle samarbeida, og avklart arbeidsdeling og samarbeid, med fleire institusjonar. Særleg viktig har det vore å avklare samarbeid og arbeidsdeling med Store norske leksikon, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Nasjonalbiblioteket.

VARIGE SAMARBEID

**NYNORSK
KULTURSENTRUM**



Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket nyttar overtakinga av Norsk Boksamling og Jon Fosse-arkivet til å gjennomføre eit nødvendig løft for nynorsk litteratur. Det er planlagt fleire konkrete samarbeid om digitalisering, formidling og forskning i åra som kjem.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Dei to institusjonane våre samarbeider frå 2020 om felles fag- og forskingsseminar, og vi har fått tydelegare arbeidsdeling i korleis ein arbeider overfor skuleverket og barnehagane.



**STORE
NORSKE
LEKSIKON**

Frå 1. august 2020 har Nynorsk kultursentrum samarbeidsavtale om meir nynorsk i Store norske leksikon. Vårt eige leksikoninnhald frå Allkunne blir slik tilgjengeleg for eit større publikum, og det blir oppdatert av fleire fagansvarlege. Allereie i november passerte Store norske leksikon besøkstalet for nynorskartiklar i Allkunne.

KIMEN
Litteraturfestival2020

Kimen dekkjer etter fylkessamanslåinga både Vestfold og Telemark. Nynorsk kultursentrum er med som samarbeidsarrangør.

PROSJEKTSAMARBEID



Norsk Målungdom

Nynorsk kultursentrum og Norsk Målungdom samarbeider om 60-års-jubileet for NMU i 2021 med utstilling, digital presentasjon og samlings- og dokumentasjonsarbeid. Samstundes tek stiftinga over delar av foto- og gjenstandssamlingane til NMU frå 2021.

EØS-SAMARBEID

Saman med det latviske museet Valodu māja / House of Languages i Riga har vi søkt om EØS-midlar til felles nettutstillingar og samarbeid om å formidle skriftkulturen til to språklege mindretal frå to ulike stader i Europa.



Litteraturhus i Møre & Romsdal

Saman med Bjørnsonfestivalen skal vi fylle alle bibliotek i fylket med arrangement for barn og voksne i 2021–2023. Prosjektet er finansiert av Kulturrådet, Sparebank 1, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunane i fylket og andre tilskotsgivarar. Målet er å gjere denne satsinga permanent.

UNGE NYNORSKTALENT

Nynorsk kultursentrum har saman med Framtida.no, Norsk Målungdom og artisten Daniel Kvammen gått i hop om å kåre unge nynorsktalent vi har trua på for det neste året.

FORMELLE NETTVERK

NORSKE SPRÅKMUSEUM

Stiftinga har i 2020 teke initiativ til eit nytt nettverk mellom dei ni musea som arbeider med nynorsk, samiske språk, kvensk, teiknspråk, norsk romani og romanes.

LITTERATUR- OG KOMPONISTNETTVERKET

Nynorsk kultursentrum deltek i dette nasjonale museumsnettverket.

NYNORSK FORUM

Nynorsk kultursentrum er sekretariat og har talsperson for dette forumet av 17 nynorskorganisasjonar som arbeider politisk for å styrkje nynorsk skriftkultur.

INTERNASJONALT SPRÅKMUSEUMSNETTVERK, INTERNATIONAL NETWORK OF LANGUAGE MUSEUMS

Nynorsk kultursentrum leier dette nettverket.


NYNORSKFYLKET VESTLAND

Vi har i 2020 vore med på å utvide nettverket Nynorskfylket Sogn og Fjordane til Nynorskfylket Vestland, og vi samarbeider med ulike aktørar for å styrkje og fremje nynorsk i Vestland fylke.

KULTURINSTITUSJONEN OG KORONA

Store samfunnsendringar verkar også inn på kulturinstitusjonar. Koronastoda har ikkje berre ført til stenging, avlysing og nye reinhaldsrutinar. Nynorsk kultursentrum har arbeidd aktivt for å ta ulike former for samfunnsansvar gjennom det spesielle året 2020.

Honorar frå stiftinga til kunstnarar og andre frilansarar



Eiga organisering

Nynorsk kultursentrum omorganiserte seg 13. mars 2020 til ein prosjektorganisasjon tilpassa nedstenging. Vi etablerte arbeidsgruppene 1) forskning og samlingsforvaltning, 2) kultur i koronatida, 3) digitalformidling for framtida og 4) drift og administrasjon, som erstatta eksisterande avdelingar og avgjerdslinjer. Organiseringa varte fram til vi opna for publikum att i juni.

Samtidsdokumentasjon

Pandemien førte med seg særskilde kollektive og individuelle røynsler som var viktige å dokumentere. Nynorsk kultursentrum fekk 70 kulturarbeidarar til å produsere og publisere litteratur og musikk om dei særlege omstenda. Dette blir i 2021 nytta som utgangspunkt for ei vandreutstilling om kulturen i koronaåret. Prosjektet er publisert på nynorsk.no med tittelen «Aleine saman». Enkelttekstar i prosjektet er også omsette og publiserte i utanlandske medium.

Digital utvikling

Stiftinga gjorde store digitale løft, både med økonomi, kompetanse og innhald. Dei største prosjekta var «Digitale festspel 2020», med både video-, lyd- og tekstinnehald, podkasten «Nynorsk no» og ny konto på YouTube. Stiftinga har både gjort forsøk på brukarbetaling og strøyming til andre arenaer (som sjukeheimar), og vi er med i eit forskingsprosjekt om digital festivalkjensle.

Bidrag til kulturøkonomien

Med avlyste arrangement var det viktig for oss å bruke tilskota våre på å skape godt innhald for publikum, og samstundes sikre nynorskbrukande kulturarbeidarar inntekter. Vi har gjennom eigne satsingar og samarbeidsprosjekt sørgt for 3 400 000 kr til fattarar og andre utøvarar. Det er ein auke på 24 prosent frå året før.

Innanlandsturisme

Nynorsk kultursentrum opplevde auka besøk på arenaene våre i den norske sommarferien. Med fleire norske turistar på vegane var arenaene våre meir attraktive som sommardestinasjon enn vanleg. Det ligg eit potensial i å utvikle gode reisemålstilbod til eit innanlandspublikum, både i sommarsesongen, helgar og ferieperiodar.



17. mai-helsinga frå Nynorsk kultursentrum i 2020 var på korona-vis. Ei digital helsing i form av ei nyinnspeling av «Nordmannen» (Mellom bakkar og berg) av Ivar Aasen, med rapparar og folkekor. Her frå innspelinga i Aasentunet mellom snøbygene i byrjinga av mai.

Digital omstilling


Noko blir nok endra for alltid etter pandemien. Nynorsk kultursentrum bruker røynslene frå 2020 til å leggje til rette for eit meir digitalt og fleksibelt arbeidsliv. Det er også auka potensial i å nå fleire brukarar ved å ha både eigne digitale tilbod og parallelt fysiske og digitale arrangement. Det er utfordrande at det ikkje finst regulerte avtalar om opphavsrett og honorar for litterære digitale arrangement. Det er også utfordrande at betalingsviljen framleis er låg for digitalt kulturelt innhald frå offentleg finansierte institusjonar.

Digitale produksjonar som er laga primært for eit digitalt publikum har vist seg å fungere best. Lyd- og videokvaliteten blir som regel vesentleg høgare enn opptak av primært fysiske arrangement. Når vi har lagt inn pengar til digital regi og produksjon, som vi gjorde for Litteraturdagane, blir dette utjamna. Dette krev økonomisk prioritering om vi skal gjere dette vidare.

Fysiske møteplassar

Nynorsk kultursentrum vedtok i desember 2019 å satse sterkare på fysisk nærvær i heile landet, med utstillingar og arrangement på turné. I 2020 gjorde vi avtale med utstillingsprodusent for å utvikle ei fast utstilling ved det nye Vinjesenteret. Vi planlegg ny resepsjon i Aasentunet frå 2021, og vi har byrja å forhandle om ny avtale for Poesi-festivalen frå 2022. Stiftinga har framleis tru på å vere til stades på lokale møteplassar i heile landet. Det digitale tilbodet kjem i tillegg til møte mellom folk.


Dagar i året stengt for ordinært besøk på grunn av pandemien i 2020



Kulturinnslag frå ulike forfattarar, musikarar og skribentar til «Aleine saman»



Inntekter og kostnader i samband med digitale strøymingar med brukarbetaling i 2020



MANGFALD OG RELEVANS

Nynorsk kultursentrum prioriterer framleis det å gjere formidling, samling og forskning meir relevant og representativt for fleire. Stiftinga arbeider medvite med hjelp av ein mangfaldsplakat for å sikre brukar-, skapar- og innhaldsmangfald.

Språkleg mangfald

Heile ideen om eit nynorsk skriftspråk er ei tru på at ein kan vere ulike i lag. Språk kan sameine på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljelinjer. Stiftinga er medviten det språklege mangfaldet i Noreg. Norsk teiknspråk, urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka har ein sjølvsgd plass i utstillingane og arrangementa i regi av stiftinga. Nynorsk kultursentrum tok i 2020 initiativ til nettverk og samarbeid mellom musea som arbeider med nynorsk, kvensk, norsk romani, romanes, samiske språk og norsk teiknspråk.

Tilgjenge

Nettstadene følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter, og under Festspela har vi lagt til rette for skyss heilt opp til Aasentunet for dei som treng det. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.

Inkluderande arbeidsliv

Nynorsk kultursentrum har hatt seks arbeidstakarar på ulike arbeidstiltak i 2020. Desse har hatt arbeidsoppgåver innan samlingsforvaltning, digital formidling, vedlikehald og drift.

Mangfaldsplakaten

Mangfaldsplakaten er i bruk ved planlegging, gjennomføring, marknadsføring og evaluering av både organisasjonsprosessar, arrangement, turnear og festivalar, utstillingar og forskingsarbeid. Gjennom fleire år har Nynorsk kultursentrum løfta fram ulike kvinner frå den nynorske kulturhistoria som ikkje har vore like framheva som mannlege samtidige aktørar. Det same arbeidet gjer vi med samtida. Vi løftar medvite fram nynorskutøvarar med ulik sosial, geografisk og kulturell bakgrunn. Vi ser at vi har ei hovudutfordring med å nå eit breiare publikum, og ved hjelp av fokusgrupper har vi heva kunnskapsnivået for å kunne nå fleire brukarar.

MANGFALDS- PLAKATEN

Nynorsk er ideen om at eit mangfald i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

SKAPARMANGFALD

1. Mangfald skal alltid vere tema når vi skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sin sjanger

BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko vi kan gjere som senkar terskelen for å delta
4. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
5. Test jamleg tilbod, program og idear på relevante målgrupper

INNHALDSMANGFALD

6. Språk og bilete skal vise at vi inkluderer og er mangfaldige
7. Referansar og dømme skal vise at vi kjenner til mangfaldet som finst, både i no- og fortid
8. Jamfør gjerne med andre delar av verda, og hugs at ein då kan bruke dømme frå heile verda

ORGANISASJONSMANGFALD

9. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen, om ledige stillingar
10. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt


MINDRETALSMEDVIT

11. Hugs at vi er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer
12. Hugs at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

Samla gjestetotal

PUBLIKUM OG MÅLGRUPPER

Nynorsk kultursentrum arbeider kvar dag med å få meir kunnskap om gjestene våre og potensielle målgrupper. Vi prøver å finne ut korleis det er å bruke tenestene våre, og korleis vi kan få fleire til å bli interesserte i tilboda våre.



Gjestetal

Med 14 244 gjester er besøket lågare enn nokon gong tidlegare. Dette er trass i at besøket i januar, februar, mars og juli var meir enn 50 prosent høgare i 2020 enn i 2019. Restriksjonar for arrangement, museumsverksemd, skulebesøk og turnear har verka kraftig inn på det fysiske gjestetallet. Gjestetallet til vandreutstillingane våre kjem i tillegg, då det er ført i statistikkane til dei som har lånt inn utstillingane.

Målgruppene våre

Nynorsk kultursentrum definerte i 2020 for første gong tre hovudmålgrupper: barnefamiljar, skuleelevar (ungdomsskule/ vidaregåande) og kulturinteresserte vaksne. Vi samlar kunnskap om desse tre gruppene og bruker dei medvite i fokusgrupper og ved større prosjekt – til dømes den nye basisutstillinga i Vinje – og målgruppemedvit er ein del av hovudstrategien i nye planar for arenaene og nasjonalformidling.

Kunnskap om publikum

Frå år 2000 har Nynorsk kultursentrum gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene, og seinare på nettstadene. Vi har

brukt fokusgrupper med representantar frå målgruppene som både kjenner og ikkje kjenner oss frå før, i fleire prosjekt, deriblant utvikling av ny profil, basisutstillinga til Vinjesenteret og ei vandreutstilling om bibelspråk.

Fysisk publikumsundersøking


Kulturrådet gjennomførte i 2020 ei brukarundersøking ved alle musea i landet. Resultatet frå undersøkinga viser at museet klarer å formidle samfunnsrolla si, men har færre barnetilbod og digitale løysingar enn kva museumsgjestene kan tenkje seg. Noko av dette kjem av at vi i samråd med kommunelegane ikkje hadde aktivitetar og trykkskjermar i utstillingane.

Digital publikumsundersøking

Frå juni til desember 2020 fekk vi 221 tilbakemeldingar frå brukarane av nynorsk.no. Dei fleste som svarte, var kvinner i aldersgruppa 45–79 år, og 61 prosent av besøka skjer privat eller på fritida. Dei fleste kjem til nettstaden gjennom sosiale medium. Over 40 prosent av brukarane er på jakt etter ein song, eit dikt eller ein verkstekst. Stiftinga følgjer opp kunnskapen om brukarane og ønska dei har formidla, ved vidare utvikling av nettstaden.

Karakter frå 1–6 i publikumsundersøkinga for 2020

■ Nynorsk kultursentrum ■ Landsgjennomsnitt



FORSKING OG UTVIKLING

Forskning, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn for både formidlinga og det politiske gjennomslaget.

Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum har i 2020 styrkt forskingsverksemda med eigne publikasjonar, ei ny konservatorstilling i journalistikk og ei ny stilling som forskar II i nynorsk skriftkultur. Narve Fulsås ved Universitetet i Tromsø har stillinga som forskar II i 2021–2024. Stiftinga prioriterer samstundes tid og ressursar til å kvalifisere fleire tilsette til forskingsarbeid.

Nytt prosjekt

Nynorsk kultursentrum har for første gong fått støtte frå Noregs forskingsråd. Det er til prosjektet «Digital festivalkjensle» saman med Telemarksforsking, Høgskolen i Innlandet og Bøker i Bø. Prosjektet har også fått utviklingsmidlar frå Kulturrådet til å utvikle verktøy og modellar for digital festivalformidling.

Nettverk og grupper

Stiftinga har også styrkt samarbeidet med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Høgskulen i Volda, blant anna ved å arrangere ein eigen fagdag for nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum deltek i forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda. Stiftinga er også med i prosjektet «Fogderifylket Møre og Romsdal» og driv nettverket «Nettverk for poetisk tenking». Dette nettverket gav i 2020 ut boka *Å verte vår verda att: åtte tekstar om lyrikk*.

Vitskaplege publikasjonar i 2020

Stein Arnold Hevrøy: «Om eg-et i Kjartan Hatløys forfattarskap – med utgangspunkt i eit dikt frå Menneskedagar», i *Å verte vår verda att: åtte tekstar om lyrikk*.

Stein Arnold Hevrøy: «Spor og stiar i Olav H. Hauges boksamling: Frå Platon til Paul de la Cour, attende til Hauge», i *Norsk litterær årbok 2020*.

Per Magnus Finnanger Sandmark: «Creating a Litary-Linguistic Atmosphere: Norwegian Nynorsk Literary Traditions as Inspiring Productions for Children and Youth», i *Journal of Museum Education*.

Autorisert konservator MNF

1

+1 frå 2019

Tilsette med ph.d.

2

+2 frå 2019

Fagfellevurderte artiklar av eigne tilsette

3

+2 frå 2019

SAMLING OG DOKUMENTASJON

Nynorsk skriftkultur blir kvart år betre dokumentert, og nye samlingar blir tilgjengelege gjennom arbeidet til Nynorsk kultursentrum og andre offentlege aktørar.

Samlingsforvaltning

I 2020 gjorde Nynorsk kultursentrum tilgjengeleg 257 nye kulturhistoriske gjenstandar, 139 kunstverk og 344 fotografi på digitaltmuseum.no. No er 14 prosent av museumssamlingane våre digitalt tilgjengeleg på nett. Det er ein auke på 10 prosentpoeng frå 2019. Boksamlinga etter Olav H. Hauge utgjør 56 av gjenstandane i samlingane til stiftinga, men desse er vanskelege å gjere tilgjengelege på digitaltmuseum.no. Nynorsk kultursentrum er i dialog med Nasjonalbiblioteket for å finne ut korleis vi kan gjere boksamlinga digitalt tilgjengeleg.

Vi har i 2020 halde fram arbeidet med å få oversyn over både arkiv-, museums- og biblioteksamlingane våre. Dette gjer at totaltalet for samlingane har gått ned, fordi det har vore nytta høgare tal for gjenstandar og bøker enn det reelt har vore. Vi har også avhenda fleire avisklipparkiv.

Både Musea på Sunnmøre, Jon Fosse og Det Norske Samlaget avslutta deponi hos Nynorsk kultursentrum i 2020. Avslutninga av fleire deponi medfører plass til nye samlingar frå 2021. Oppbevaringstilhøva er styrkte med nytt ventilasjonsanlegg i Aasentunet og avtale om utlysing av anbod for nytt ventilasjonsanlegg for samlingane ved Haugesenteret.

Dokumentasjon

Vi prioriterer minneintervju med sentrale personar for ulike delar av den nynorske skriftkulturen. Det største dokumentasjonsarbeidet i 2020 var «Aleine saman», som dokumenterte koronasituasjonen. Det blei også gjennomført dokumentasjonssamtalar med journalistar og forfattarar som har arbeidd med 22. juli, og ei

undersøking blant 200 lesarar om forholdet deira til seks utvalde bøker. Ein frivillig frå USA har arbeidd med å dokumentere omsetjing av litteratur frå nynorsk til andre språk.

Nynorsk kultursentrum har kjøpt rettane til å formidle og finne framtidig form for bruk av innhaldet i «Språkfakta», «Dagen i dag», «Eit språk blir til» og «På parti med språket» av Ottar Grepstad.

Kulturhistorisk dokumentasjon

Nynorsk kultursentrum inngjekk i 2020 samarbeidsavtale med Store norske leksikon, der dei tek over store delar av oppslagsverket Allkunne frå stiftinga. Dei har vore særleg interesserte i eit tettare samarbeid om innhaldet som dokumenterer den nynorske kulturhistoria, som vi no kan bruke meir tid på.


Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane, som opphavleg blei bygd opp av NRK og vidareført av Nynorsk kultursentrum, har no kome heim att til fylket sitt: Frå 2021 er det Fylkesarkivet i Vestland som forvaltar og oppdaterer fylkesleksikonet.

Nye tilskot til gjenstandssamlingane i 2020


- Lommebok med den første billetten til Aasentunet klistra på, frå opninga 22.6.2000
- Måleri frå ca. 1905–25 av Rasmus Straume, med motiv av Åsen-tunet
- Brev frå Olav Gullvåg til redaktør Torsvik
- Sjokolade med Ivar Aasen-sitat
- Elektronisk omsetjingspenn frå år 2000



OBodil Cappelen, Halldis Moren Vesaas og Olav H. Hauge på Midtbø. I Hauge si dagbok står det den 9. juli 1988: «Um morgonen var me ned på Midtbø. Halldis var der, og ho laga kaffi.»



Minneboka til Olav H. Hauge frå 1922.



Dikt av Henrik Rytten med tittelen «Kveld ved peis-elden». Diktet var gitt som helsing til Helga og Lars Fossgard frå dottera til Henrik, Hanna Rytten, på julekvelden 1950.




Fotografi av Olav H. Hauge, Ola E. Bø og ei ukjend kvinne på ein båt. Fotografiet er teke mellom 1978 og 1980.

Registrerte
gjenstandar




7 339 gjenstandar

Gjenstandar
publiserte på
digitaltmuseum.no



776 gjenstandar

Registrerte
foto




384 foto

Foto
publiserte på
digitaltmuseum.no



363 foto

Publikum for Den kulturelle skulesekken




Kommunar med arrangement eller utstilling



Framsyingar av Den kulturelle skulesekken



Dagar med vandreutstillingar på turné



KULTUR- FORMIDLING PÅ TURNÉ

Gjennom skuleframsyningar, utstillingar, konsertar og foredrag har kulturformidlinga til Nynorsk kultursentrum nådd ut til store delar av landet, med aktivitet i 54 kommunar. Pandemien har gjort dette vanskelegare enn i 2019: Det var avtalt turné eller utstilling i ytterlegare 20 kommunar i 2020, men arrangementa blei avlyste. Det var aktivitet i alle fylke utanom Viken – der blei all planlagt aktivitet avlyst.

Vandreutstillingar

Aldri før har fleire hatt høve til å sjå vandreutstillingane våre. 40 utstillingar er til utlån. Vi har auka antalet visningsdagar for utstillingane, trass i at fleire bibliotek var stengde delar av året. I 2020 var det 97 fleire dagar med vandreutstillingar på turné enn i det førre rekordåret 2019. Utstillingar på turné er ikkje rekna inn i gjestetallet, då desse blir registrerte hos dei institusjonane som har lånt inn utstillingane.

Den kulturelle skulesekken

5 169 elevar og lærarar i 20 kommunar fekk oppleve tre produksjonar frå Nynorsk kultursentrum på turné i Den kulturelle skulesekken før landet stengde i mars 2020. Som erstatning for ein del av turneen som blei avlyst våren 2020, laga vi ein digital versjon av «Les for livet» under fana «smittefri litteraturformidling», etter førespurnad frå Kultur-tanken. For «Tenk om eg var ein tanke» blei det også laga eit digitalt alternativ med helsing frå utøvarane, utdrag frå framsyninga og tilhøyrande undervisningsressursar.

Nynorsk kultursentrum har byrja utviklinga av fire nye turnear for Den kulturelle skulesekken. Desse handlar høvesvis om kjeldekritikk, skeiv litteratur, språkleik og dans/arkitektur.

Arrangement på turné

Nynorsk kultursentrum besøker folkebibliotek og andre forsamlingslokale i heile landet med ulike formidlingskonsept. I formidlingskonseptet «Lyt til lyrikken» lèt vi songlyrikarar ta med seg ein skriftlyrikar på turné for å snakke om lyrikk. For å kunne nå målgrupper som elles ikkje er så ofte på litteraturarrangement, hadde vi også konseptet «Fotball og fellesskap» på turné i fire kommunar. For andre gong gjennomførte vi også ei poetisk barnebokveke med lyrikkarrangement for barn, i fleire kommunar.

KOMMUNAR MED BESØK I 2020

Møre og Romsdal

- 1 Rauma
- 2 Sunndal
- 3 Surnadal
- 4 Tingvoll
- 5 Volda
- 6 Ørsta
- 7 Ålesund

Vestland

- 8 Alver
- 9 Austevoll
- 10 Bergen
- 11 Fedje
- 12 Gloppen
- 13 Luster
- 14 Samnanger
- 15 Sogndal
- 16 Stord
- 17 Stryn
- 18 Sunnfjord
- 19 Sveio
- 20 Ullensvang
- 21 Ulvik
- 22 Voss
- 23 Øygarden
- 24 Årdal

Nordland

- 25 Bodø
- 26 Meløy
- 27 Steigen

Troms og Finnmark

- 28 Tromsø

Trøndelag

- 29 Namsos
- 30 Trondheim

Agder

- 31 Hægebostad
- 32 Kristiansand
- 33 Kvinesdal
- 34 Lindesnes
- 35 Lyngdal
- 36 Sirdal
- 37 Vennesla
- 38 Åseral

Rogaland

- 39 Hjelmeland
- 40 Hå
- 41 Sauda
- 42 Stavanger
- 43 Strand
- 44 Suldal

Viken og Oslo


- 45 Oslo

Innlandet


- 46 Hamar
- 47 Lom
- 48 Søndre Land
- 49 Trysil

Vestfold og Telemark

- 50 Fyresdal
- 51 Kviteseid
- 52 Tokke
- 53 Tønsberg
- 54 Vinje




Økter på alle nettstadene



Sidevisningar for «Aleine saman»

157 376

Følgjarar i sosiale medium



DIGITAL FORMIDLING

Nynorsk kultursentrum når desidert flest brukarar digitalt, gjennom podkast, YouTube-kanal, sosiale medium, egne nettstader og samarbeid med andre.

Bruken av dei digitale tenestene

I 2020 hadde nettstadene 691 058 unike brukarar, 823 591 økter og 1 392 333 sidevisningar, mot høvesvis 650 099, 787 456 og 1 465 885 året før. Både i innhald og bruk var allkunne.no den største nettstaden vår også i 2020. Allkunne.no stod for om lag 60 prosent av besøka, medan resten var fordelt på dei ni andre nettstadene. Nynorsk kultursentrum hadde 16 kontoar i sosiale medium i 2020. Følgjartalet her var 27 387, mot 25 530 året før.

Nytt innhald på nettet

På nyåret i 2020 lanserte Nynorsk kultursentrum den nye nettstaden nynorsk.no, som kjem i tillegg til barnenettstaden tunkatten.no og arena- og festivalnettstadene. Med dette fekk stiftinga nye nettsider med høve til å informere om tilboda og kunnskapen stiftinga sit på, til alle. Dei største satsingane i 2020 var prosjektet «Stader for skrift», finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, «Aleine saman», med koronarelatert kulturinnhald, og ikkje minst «Digitale festspel 2020», med 35 digitale innslag.

Ny leksikonformidling

Allkunne.no har vore den største digitale tenesta i Nynorsk kultursentrum, med formidling av nynorsk kulturhistorie og allment leksikoninnhald. Tenesta har likevel hatt svært mykje lågare besøkstal og bruk hos relevante målgrupper enn innhaldet fortener. Vi samarbeider derfor frå 1. august 2020 med Store norske leksikon om formidling om og på nynorsk på nett. Antalet nynorskartiklar på snl.no har auka frå ca. 1 000 til 7 583 i løpet av 2020, og besøket for nynorskartiklane her har allereie passert allkunne.no: I desember 2020 hadde nynorskartiklane på snl.no ca. 150 000 sidevisningar, og Allkunne hadde 69 408 sidevisningar.

Podkast og YouTube

«Nynorsk no» er podkastkanalen til Nynorsk kultursentrum. Det er publisert 13 episodar i 2020 med 1 483 nedlastingar. Vi har oppdatert avtaleverket vårt for å sikre at fleire av arrangementa våre blir tilgjengelege via podkast i framtida. YouTube-kanalen vår har hatt 48 innlegg og 75 771 sjåarar i 2020. 17. mai-helsinga frå stiftinga i 2020 var ein videoproduksjon med framføring av «Nordmannen» med rapp og folkekor. Både NRK, TV 2 og VGTV viste videoen, der folk song «Mellom bakkar og berg». Videoen har 37 108 visningar på YouTube per 31.12.2020.

Frå innspelinga av «Stader for skrift».



Formidlar Guro Ljone les frå boka
Nei! Sa veslemonster i digital
lesestund på nynorsk.no.



Edvard Hoem førebur seg til ei direktestrøyming saman med Ine Hoem, i samband med «Digitale festspel 2020».

Direktestrøyming

Nynorsk kultursentrum har gjort forsøk på ulike former for direktestrøyming i 2020. Vi har hatt direktestrøyming gratis via Facebook og YouTube, tilbode betalingsløyseringar via nettstadene vier.live og boon.tv og strøymt direkte frå Litteraturdagane i Vinje til ein sjukeheim i Tønsberg kommune.

Digital barnekunstutstilling

Barnehagar på Sunnmøre, i Telemark og i Hardanger las før jul boka *Leggetid* av Frode Grytten og Mari Kanstad Johnsen. Barna laga kunst inspirert av forteljinga. Kunstverka blei gjort tilgjengelege digitalt. På den måten har 282 barn vore med på å skape innhald for Nynorsk kultursentrum i 2020.

Publiserte
podkast-episodar

13

+13 frå 2019



Avspelte songar på
tunkatten.no

53 950

–8 997 frå 2019



YouTube

53

videoar



75 140

visningar

PRISAR

ÅRETS NYNORSKBRUKAR 2020



Årets nynorskbrukar, Geir Sverre Braut, saman med styreleiar i Nynorsk kultursentrum Lodve Solholm.

Lege og professor Geir Sverre Braut blei kåra til Årets nynorskbrukar 2020. Han fekk prisen for å gjere nynorsk sjølvstøtt i helse- og tryggleiksfag.

Styret i Nynorsk kultursentrum deler ut prisen årleg.

OLAV H. HAUGE-STIPENDET FOR UNGE DIKTARAR 2020

Prisen blei ikkje delt ut i 2020.

Nynorsk kultursentrum har sett ned ein eigen jury for utdeling av stipendet. Det er finansiert av Ulvik herad, Sparebanken Vest og Sparebankstiftinga Hardanger.

DIKTARTAVLA 2020



Forfattar Hilde Myklebust blei tildelt Diktartavla 2020.

Forfattar Hilde Myklebust blei heidra med Diktartavla 2020. Juryen skreiv: «I Hilde Myklebust si diktverd finn ein utprega varleik til omgivnader og naturteikn, og eit sterkt omsyn til både dyr og menneske. Under det heile ligg ei uro og eit medvit om ei kald og hard røynd, i løpet av få skriftteikn og linjer kan hendingar skje og stemningar snu. Slik viser diktinga til Myklebust ei haldning, ei lytting, og ein respekt for naturen og alt som lever.»

Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum samarbeider om utdelinga av prisen årleg.

STOREGUTPRISEN 2020

Prisen blei ikkje delt ut i 2020.

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje, Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum samarbeider om utdelinga.

ARENAENE VÅRE

Nynorsk kultursentrum driv tre faste arenaer med tilhøyrande festival i dei tre fylka Vestfold og Telemark, Vestland og Møre og Romsdal. Ved alle dei tre arenaene driv vi kommersielle tenester som butikk, kafé og utleige for å auke eigeninntektene. Som del av arenadrifta i Aasentunet har vi også nettbutikk.


Nedgang i salet

Butikkane ved Aasentunet og Haugesenteret selde mindre i 2020 enn i 2019, medan Vinjesenteret hadde ein liten auke. Til saman har salet gått ned med 175 045 kr frå 2019 til 2020. Det svarer til ein nedgang på 19 prosent. Nedgangen er størst i månadene mars, april, mai og juni. Dette kjem av avlyste festivalar og andre verknader av pandemien.

Eigenutvikla varer

Nynorsk kultursentrum har mange eigenutvikla varer. I 2020 lanserte vi hals/bøff med Ivar Aasen-signatur og ein ny kopp med sitat frå festspeldiktar Stein Versto. Varene våre blei også selde ved andre arenaer, og vår eiga tunpølse blei seld av Ole Ringdal AS på fleire butikkar i Nordfjord og på Sunnmøre. Tunbrødet er i sal på ulike bakeri og butikkar i Ørsta og Volda.

Eigeninntekter per tema etter arena



Selde tunpølser

187,4 kg

inkludert eksternt sal


Seldelvar Aasen-boksarar

1 069


+221 frå 2019




Bøker som del av det totale salet



Omsetning, butikkar




Omsetning, kafé






AASENTUNET OG FESTSPELA

Gjester i Aasentunet



Billettinntekter i Aasentunet



I over hundre år har folk kome til Aasentunet for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kunst og musikk.

Reisemålet

I juli 2020 hadde Aasentunet det beste besøksstet sidan 2002 med 1 087 gjester i utstillinga. Dette førte også til 144 256 kr i omsetning i butikken (mot 67 821 i 2019). Nytt i år var at fem geiter hadde «sommargjøbb» i tunet for å halde kulturlandskapet i hevd og setje farge på besøket for gjester i alle aldrar.

Tilbod til skular og barnehagar

I mars og september blei det gjennomført ein lokal del av Den kulturelle skulesekken med produksjonane «Det ligg mellom linjene», «Bli kjend med Ivar Aasen» og «Snakk om språk». Elles har det vore langt færre skulebesøk og arrangement enn vanleg, på grunn av pandemien.


Arrangement

I 2020 har fleire arrangement blitt avlyste eller flytta til andre lokale i nærmiljøet enn Aasentunet. Råd, retningslinjer og forskrifter om gjennomføring av kulturarrangement under pandemien har avgrensa høvet til å gjennomføre arrangement i Aasentunet.

Konsekvensar av pandemien

Arenaen var stengd frå 13. mars til 15. juni 2020. Festspele skulle vore arrangerte i perioden der kulturarrangement var forbodne, og blei til ein kombinasjon av «Digitale festspele 2020» og nokre fysiske arrangement om hausten under paraplyen «Etterspele». Smittevernreglane har også gjort at fleire attraksjonar i utstillinga måtte bli stengde, og reglane har avgrensa kapasiteten for arrangement og utleige.

Billettinntekter for Festspela



16

arrangement

2

direktesendingar


31

andre digitale innslag

Fysiske gjester på Festspela

6 107	940
2019	2020

Barn og unge som del av det totale gjestetallet på Festspela



Diktvandring i Romedalen med Hilde Myklebust og Stein Versto.

Sommaren 2020 beita fem geiter i Aasentunet.




Festspeldiktarane Stein Versto og Odd Nordstoga.

Odd Nordstoga heldt konsert på Rokken i Volda som del av «Etterspela».




HAUGESENTERET

Gjester ved Haugesenteret



Billettinntekter ved Haugesenteret



Haugesenteret i Ulvik formidlar lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.

Reisemålet

Haugesenteret hadde det beste besøksstelet sidan den første sommarsesongen (2015), med 905 gjester i utstillinga i juli og august 2020. Haugesenteret samarbeider tett om om gruppetilbod med Visit Hardangerfjord, Brakanes hotell, Frukt- og siderruta og turistkontoret i Ulvik. Saman med dei andre musea og besøkssentra i Hardanger og Voss tilbyr vi frå 2020 eit felles sommarpass. Tilbodet til barnefamiliar blei i 2020 utvida med «Bokstavjakta», ei rebusløype med ni lette turmål om sommaren.

Tilbod til skular og barnehagar

Haugesenteret har skuletilbod til alle alderssteg i grunnskulen, i tillegg til barnehagar og vidaregåande skular. Skuletilboda ligg også ute på den digitale plattformen MuseumsLosen, og det blir i tillegg sendt ut påminning om tilboda ved semesterstart. Skulebesøket var svært lågt i 2020 på grunn av koronatiltaka.

Arrangement

I 2020 var det 12 arrangement i Ulvik, med 290 gjester. Det var færre gjester enn året før. I 2020 gjennomførte vi både familiearrangement, konsertar og foredrag.

Konsekvensar av pandemien

Arenaen var stengd frå 13. mars til 20. juni 2020. Poesifestivalen blei utsett frå 2020 til 2021. Smittevernreglane har også gjort at fleire attraksjonar i utstillinga måtte bli stengde, og reglane har avgrensa høvet til skule- og gruppebesøk.

Elevar i poesiverkstaden

75

-6 032
frå 2019

Arrangement

12

-8
frå 2019

Konsert med Valkyrien
Allstars i Ulvik.



Rebusjakt på
Haugesenteret.




Bokstavjakt langs
Tysso i Ulvik.




VINJESENTERET OG LITTERATURDAGANE

Gjester ved
Vinjestoga/Mjonøy



Billettinntekter ved
Vinjestoga



Menneske fortel både oppdikta og sanne forteljingar. Ved Vinjesenteret kan du oppdage kva forteljingar og forteljarar tyder for verda vi lever i.

Reisemålet

Vinjestoga var open i sommarsesongen. På grunn av lite areal var det berre plass til fire gjester per omvising i 2020. Det var 138 gjester gjennom sesongen.

Framtidig tilbod

Sixsides AS vann tilbodet om å skape ei basisutstilling for diktning og journalistikk i Vinje. Utstillinga opnar sommaren/hausten 2021 og blir ei utforsking av spennet og sambandet mellom fakta og fantasi i diktning og journalistikk. Juan Cristian Gutiérrez-Maupomé er engasjert som aspirant for å vere med på å utvikle basisutstillinga. Ordninga er delfinansiert av Kulturrådet.

Tilbod til skular og barnehagar

Det har ikkje vore skule- og barnehagetilbod på grunn av smitteverntiltaka for Vinjestoga.


Arrangement

Litteraturdagane blei gjennomført med eit smitteverntilpassa og fortetta program med seks programpostar, og arenaen blei Vinjehuset. Festivalgudstenesta blei send på NRK Radio. Alle arrangement utanom Litteraturdagane blei avlyste.


Konsekvensar av pandemien

Litteraturdagane blei gjennomført på Vinjehuset, med færre arrangement grunna smittevern. Smittevernreglane har også gjort at fleire attraksjonar i utstillinga måtte bli stengde, og reglane har avgrensa høvet til skule- og gruppebesøk.

Billettinntekter for Litteraturdagane



Gjester på arrangement og i utstilling



Barn og unge som del av det totale gjestetallet



Arrangement



Tore Renberg under Litteraturdagane.

SixSides har fått oppdraget med å utforme utstillinga i Vinjesenteret, som skal vise skilnaden og samanhengen mellom diktning og journalistikk, fantasi og fakta.



Glasvegg inn til eit kontor på Vinjesenteret med sitat av Tarjei Vesaas.

Papirpose til Haugesenteret.



T-skjorte til Vinjesenteret
og Litteraturdagane.



KOMMUNIKASJON



Nynorsk kultursentrum fastsette i 2020 at verdiane til stiftinga er påliteleg, samlande og kreativ. Hovudmålgruppene er kunnskaps- og kulturorienterte vaksne, skuleelevar og småbarnsfamiliar.

Pressearbeid

For Nynorsk kultursentrum er det viktig at stiftinga, aktivitetane og medarbeidarane er synlege, men vi skal også vere ein del av den offentlege samtalen om nynorsk skriftkultur. Vi har prioritert eigne utspel om språkleg mangfald, og om nynorskelevane etter kommunesamanslåinga. I tillegg har språklova og ordskipet om denne prega pressearbeidet vårt.

Nynorsk kultursentrum har både vore i Dagsrevyen og Supernytt på NRK to gonger i 2020, i tillegg til VGTV, TV 2 og NRK den 17. mai. Festivalgudstenesta i Vinje blei send på NRK Radio.

Visuell profil

Nynorsk kultursentrum lanserer med denne årsmeldinga ny visuell profil. Målet er å gi stiftinga eit meir heilskapleg og samlande uttrykk. Vi involverte både rådet, styret, dei tilsette og eksterne fokusgrupper der alle målgruppene var representerte.

Marknadsstrategi

Vi har frå 2020 lagt om frå å bruke mest avisannonsering til å prioritere digital marknadsføring. Vi er også opptekne av å etablere gode samarbeid med andre, slik at det kan styrkje marknadsposisjonen vår og gjere oss meir synlege.

Politisk påverknad

Nynorsk kultursentrum har på vegner av Nynorsk forum delteke i høyringar i Stortinget om kultur- og utdanningsbudsjetta og ny språklov. Det har i tillegg blitt sendt inn høyringsfråsegner til opplæringslov, UH-lov, ny ordning for lærebøker i høgare utdanning, ny forskrift om støtte til dataspel, offisielle namn på Noreg og bruk av desse, ny museumsmelding og ny barne- og ungdomskulturmelding. Prioriterte politiske saker har vore administrasjonsspråk i Møre og Romsdal, språkbruksplan i Ålesund og ny språklov.

ØKONOMI

Nynorsk kultursentrum har 17 prosent av driftsinntektene i egenkapital. Det gir solid grunnlag for vidare drift.

Rekneskap 2020

Stiftinga hadde driftsinntekter på 32 964 259 kr og driftskostnader på 31 429 835 kr. 93 prosent av inntektene var offentlege tilskot og 7 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Det er sett av midlar til investeringar, framtidige forpliktingar og vedlikehald. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 1 686 042 kr styrkjer eigenkapitalen til 8 742 055 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 54 prosent av den samla omsetninga, mot 57 prosent året før. Dei samla driftsinntektene auka med 8,5 prosent, og driftskostnadene auka med 7,4 prosent. Endringane kjem først og fremst av auka bemanning ved Vinjesenteret og endra vilkår for drift av både museum og arrangement i koronaåret 2020.

Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 1 523 570 kr i gåver og prosjektmidlar, av dette er 605 000 kr tilskot frå private. 750 000 kr av det samla prosjekttilskotet er midlar til koronarelaterte formidlings-tiltak der ein har engasjert forfattarar og frilansarar til formidling av litteratur.

Prosjektet med ny basisutstilling i Vinje har fått fleire offentlege og private tilskot. Delar av desse tilskota er rekneskapsførte i 2019–2020. Fordelinga mellom tilskotsparter blir som avtalt når ferdig rekneskap er klart etter 2021.

Investeringar


Det er ikkje gjort nokon store investeringar i 2020, men ein har begynt på ombygginga av resepsjonen i Aasentunet, noko som blir fullført våren 2021.

Avsettingar


Det er sett av midlar til studietur for tilsette og styre i 2021, ny profil for stiftinga, frikjøp av tekstar frå Allkunne, basisutstillinga i Vinjesenteret og vedlikehaldsfond.

Løyvde private gåver og prosjektmidlar


605 000




Driftsinntekter



Driftskostnader




Årsresultat



ORGANISASJON

Sjukefråvær



Sysselsette årsverk




Lønstakarar i Nynorsk kultursentrum

136
-15
frå 2019



Utlyste stillingar og søkjarar i 2020



Nynorsk kultursentrum skal vere ein attraktiv arbeidsplass i lokalsamfunna der vi er til stades.

Medverknad

Organisasjonen har i 2020 førebudd seg på omorganisering frå 2021. Dei tilsette har vore med i prosessen i fleire rundar, og det har vore eigne møter med fagforeiningar. Fastsetjing av nye stillingsomtalar blei gjennomført med både individuelle møte, diskusjonar, verkstader og skriftlege tilbakemeldingar frå dei tilsette.

Helse, miljø og sikkerheit

Organisasjonen har vedtekne planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og sikkerheit i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har internkontrollutval.

Arbeidsmiljøet er trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Det er gjennomført vernerundar i avdelingane. Det er ikkje meldt skader.

Sjukefråværet var på 7,8 prosent i 2020, mot 4,0 prosent i 2019. Fråværet under 16 dagar var på 2,9 prosent (+0,2), og fråværet over 16 dagar var på 4,9 prosent (+3,6). Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere langtidssjukefråværet.

Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakassering og arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering. Stiftinga har prinsipp om at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

Likestilling og mangfald

I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa har fire menn og tre kvinner. 16 menn og 20 kvinner har arbeidsavtale per 31.12.2020. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid er lik representasjon av kvinner og menn.

Organisasjonen utarbeidde i 2020 ein mangfaldsplakat for verksemda (sjå side 11).

Ytre miljø

Stiftinga forsøker å avgrense påverknaden på det ytre miljøet. Aasentunet har elvarebil, og det er kjeldesortering ved alle dei tre arenaene. Gjester og utøvarar blir oppmoda til å reise med buss eller tog der det er mogleg.

STRATEGISKE MÅL FRAM MOT 2025

Daniel Kvammen og Fredrik Høyer under «Lytt til lyrikken» i Odda.



Poetisk barnebokveke ved Stryn folkebibliotek i oktober.



Omvising i Vinjestoga.

Styret i Nynorsk kultursentrum fastsette 6. desember 2019 Språk, kultur og kunnskap til heile landet. Strategisk plan 2020–2025.

Politikkutvikling

Nynorsk kultursentrum arbeider for eit Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvsagt. Saman med organisasjonslivet og lokale, regionale og nasjonale styresmakter skal vi få på plass infrastruktur som gjer det mogleg at fleire blir, og blir verande, nynorskbrukarar.

Kunnskapsutvikling

Gjennom dokumentasjon, samling og forskning skal stiftinga gi publikum ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur. Vi aukar vår eigen forskingskompetanse samstundes som vi får fleire forskarar til å arbeide med nynorsk skriftkultur. Vi samlar inn munnlege minne og gjer samlingane våre tilgjengelege for alle.

Nasjonal kulturformidling

Kultur og kunnskap på nynorsk skal vere tilgjengeleg der folk er. Folk er i heile landet, og gjennom strategiske samarbeid skal stiftinga nå over 100 kommunar med arrangement eller utstillingar kvart år. Stiftinga skal også vere sterkt til stades digitalt,

både med tekst, lyd og video, på eigne plattformer og i tett samarbeid med større aktørar som når målgruppene våre.

Arenautvikling

Vi er til stades i Vinje, Ulvik og Ørsta med museum og festival. Arenaene våre skal vere møteplassar for bygdefolk, arena for skular og barnehagar i nærområda og reisedestinasjon for familiar og vaksne.

Organisasjon

Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske på og forvalte nynorsk skriftkultur, og skal vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. Nynorsk kultursentrum skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga.

Kommunikasjon

Kommunikasjonen er påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal bli betre kjende med fleire målgrupper.

ÅRET SOM GJEKK



Karnappet i taket på Vinjesenteret.



Odd Nordstoga heldt konsert på Rokken i Volda som del av «Etterspela».



Stein Arnold Hevrøy, konservator i Nynorsk kultursentrum, skreiv den nye Olav H. Hauge-bibliografien.



Frå innspelinga av «Stader for skrift» med Svein Sæter.



Frå innspelinga av musikkvideoen til rappversjonen av «Nordmannen» (Mellom bakkar og berg) av Ivar Aasen.



I høve 75-årsjubileet for diktet «Vårsøg» inviterte Aasentunet og Teatret Vårt til ei musikalsk reise i diktaren Hans Hyldebakk sitt liv, med komponist Henning Sommerro.




Direktør Per Magnus Finnanger Sandsmark lanserte i 2020 satsinga «nynorske pilotbibliotek» for å gjere nynorsk synlegare sør og aust i Noreg i 2021.



Bak kamera under innspelinga av «Stader for skrift».

Teikningar av basisutstillinga ved Vinjesenteret av utstillingsprodusenten SixSides.



Som del av 20-årsjubileet til Aasentunet laga Einy Aam Sparks ein dansevideo med koreografi inspirert av arkitekturen og linjene til bygget.


Hovdebygda, 25. februar 2021




Lodve Solholm
styreleiar



Amela Koluder
nestleiar



Hilde Løkensgard Bjørnsvik
styremedlem




Sæbjørn Forberg
styremedlem




Siri Beate Gjerde
styremedlem



Lars Kvestad
styremedlem



Janne Nygård
styremedlem



Per Magnus Finnanger Sandmark
direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Sal av varer		1 146 322	1 734 061
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	31 268 997	26 779 492
Billettsal		454 875	1 148 437
Sponsorinntekter og annonser		46 780	267 735
Andre inntekter		47 285	437 829
Sum driftsinntekter		32 964 259	30 367 554
Varekostnad		793 087	1 028 348
Lønskostnader m.m.	4	17 934 293	17 388 184
Ordinære avskrivningar	6	698 098	707 301
Leigekostnader		433 875	524 314
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 823 808	1 324 807
Reparasjonar og vedlikehald		626 231	579 666
Reise/opphald		644 079	1 731 148
Honorar	4	5 732 990	2 792 812
Marknadsføring		807 166	1 152 632
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 338 304	1 463 510
Andre driftskostnader		597 904	573 676
Sum driftskostnader		31 429 835	29 266 399
Driftsresultat		1 534 424	1 101 155
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		152 437	76 171
Rentekostnader		819	1 212
Resultat av finanspostar		151 618	74 958
Ordinært resultat før skattekostnad		1 686 042	1 176 113
Ordinært resultat		1 686 042	1 176 113
Årsoverskot	5	1 686 042	1 176 113
Overføringar			
Avsett til forpliktingar	5	1 460 000	600 000
Overføringar annan eigenkapital	5	226 042	576 113
Sum overføringar		1 686 042	1 176 113

Balanse				
Stiftinga Nynorsk kultursentrum				
Eigedelar	Note	2020	2019	
Anleggsmiddel				
Varige driftsmiddel				
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	6	2 209 551	2 334 958	
Inventar og utstyr	6	1 073 031	1 414 416	
Sum varige driftsmiddel		<u>3 282 582</u>	<u>3 749 374</u>	
Finansielle driftsmiddel				
Sum anleggsmiddel		<u>3 282 582</u>	<u>3 749 374</u>	
Omløpsmiddel				
Varelager	3	1 116 666	1 217 758	
Krav				
Kundar	2	175 881	259 269	
Andre krav	2	668 485	222 967	
Sum krav		<u>844 366</u>	<u>482 236</u>	
Bank, kasse		15 035 262	9 733 062	
Sum omløpsmiddel		<u>16 996 294</u>	<u>11 433 057</u>	
Sum eigedelar		<u>20 278 876</u>	<u>15 182 431</u>	
Stiftinga Nynorsk kultursentrum			Side 3	

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	5	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	5	3 338 970	1 878 970
Annan eigenkapital	5	5 133 085	4 907 043
Sum opptent eigenkapital		<u>8 472 055</u>	<u>6 786 013</u>
Sum eigenkapital		<u>8 742 055</u>	<u>7 056 013</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 471 130	772 387
Trekk og offentlege avgifter		1 332 164	1 300 764
Påkomne kostnader		1 581 539	1 515 163
Periodiserte tilskot		7 151 988	4 538 104
Sum kortsiktig gjeld		<u>11 536 821</u>	<u>8 126 418</u>
Sum gjeld		<u>11 536 821</u>	<u>8 126 418</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>20 278 876</u>	<u>15 182 431</u>

(1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 27.2.21




Lodve Solholm
Styreleiar




Amela Koluder




Lars Kvestad
Styremedlem




Sæbjørn Forberg
styremedlem




Janne-Kristin svarstad Nygård
Styremedlem




Hilde Løkensgård Bjørnsvik
Styremedlem



Per Magnus Fimanger Sandmark
Direktør



Siri Beate Gjerde
Styremedlem



Revisor

NOTAR for 2020

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgeivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forpliktning. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2020)	2020	2019
Kulturdepartementet	23 660 000	19 992 760
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	750 000	150 000
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 193 045	884 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	150 000	150 000
Tilskot frå Ulvik kommune	1 315 000	1 200 051
Tilskot frå Vinje kommune	1 200 000	1 050 000
Tilskot frå Lom kommune	0	30 000
Tilskot Norsk kulturråd	250 000	150 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	1 040 000	260 000
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	0	700 000
Tilskot Fritt Ord	325 000	219 200
Andre offentlege tilskot	980 202	1 780 204
Andre tilskot	305 750	113 277
Gåvemidlar	100 000	100 000
Sum tilskot	31 268 997	26 779 492

Note 2 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.	2020	2019
Lønskostnad	13 895 969	13 029 586
Folketrygdavgift	1 976 280	2 080 501
Oppg.pl. honorar	734 104	1 243 216
Pensjonsyttingar	1 095 791	905 319
Andre ytingar	232 151	129 565
	17 934 293	17 388 184
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	24,4	25,0

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre- medlemmer
Løn, styrehonorar og liknande	919 881	112 000	110 000
Andre ytingar	36 846	2 494	0
Sum	956 727	114 494	110 000

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjer kr 49.000,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 29.100,- eks/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 29 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5 Eigenkapital

	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2020	270 000	1 878 970	4 907 043	7 056 013
Årets resultat		1 460 000	226 042	1 686 042
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader	0		0	0
Eigenkapital pr. 31.12.2020	270 000	3 338 970	5 133 085	8 742 055

Note 6 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/ utstilling/bil	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris i.l.	18 295 824	8 228 438	43 800 000	70 324 262
+ Tilgang	1 701 267	130 039	0	1 831 306
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot frå Det kongelige kulturdepartement	-1 600 000	0	0	-1 600 000
-Overføring frå egne avsetjingar	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-14 936 541	-4 164 500	-43 800 000	-62 901 041
Akk. avskrivningar 31.12.	-3 987 519	-1 984 426	0	-5 971 945
Bokført verdi 31.12	1 073 031	2 209 551	0	3 282 582
Avskrivningar i år	442 652	255 446	0	698 098
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

hovden & vatne

statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
 Autorisert rekneskapsforarselskap
 Org.nr. 987 832 916 MVA
 E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til styret i
 Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

Konklusjon

Vi har revidert **Stiftinga Nynorsk kultursentrum** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.686.042. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med års-rekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å

kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følgje av at misgjerdar ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje sidan misgjerdar kan innebære samarbeid, forfalsking, medvetne utelatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll, som er relevant for revisjonen for å utvikle revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar, som er utarbeidd av leiinga, er rimelege.

• Side 3 av 3

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettviseande bilede.

Vi kommuniserer med styret/dagleg leiar mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 26.2.2021

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Dag Hopland
statsautorisert revisor

